

Hagemeisteren er klar for oppdrag i Uskedalen.

30.03.2020



Gytis Marcisauskas driv firma Hagemeister med fem menn i arbeid.

Gytis Marcisauskas frå Sunde driv firmaet Hagemeister. Fem menn har full ordrebok og tek på seg alle former for hagearbeid og vaktmestertenester. Det kan vera trefelling, beskjering av tre og hekkar, tynning av buskar, planering og bortkøyrig av tre, greiner og overskotsmassar.

Gytis kjem frå Litauen, kom til til Kvinnherad i 2009 som industrimålar og jobba nokre år på Hydro Husnes. I dag har han eige firma og har spesialisert seg på rydding og hagearbeid. Men de kan også vera måling og mindre anleggsarbeid. Han tek også oppdrag med trefelling, men presiserar at han ikkje er trepleiar. Å vera trepleiar eller tredokter er eit eige fag.

Uskedalen.no møter Gytis på Neset i Uskedalen i arbeidet med å beskjera frukttre. Målgruppa er variert og arbeidsoppgåvene kan variera med årstidene. Bygg og graving er arbeid som går over heile året. I sommarhalvåret er det mest hagearbeid for eldre kundar. Hagearbeid omfattar også bortkøyring. Dei fleste ynskjer dette.



Arbeid på Neset i Uskedalen med beskjering av frukttre og tynning av buskar.

Hagemeisteren frå Sunde er klar for fleire oppdrag i Uskedalen. Nett no kan det vera litt ventetid, men det er berre å ta kontakt på mobil: 966 87 557.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal